



Parkeringsvanskane i sentrum i helga vart her løyst på ein kreativ og uvanleg måte.

Det var til tider parkeringsvanskar i sentrum under Festidalen sine arrangment. Det var særleg merkbart ved Gamleskulen, ved Spar og på kaien. Artig var det å sjå ein bil parkert på elveførebygginga på Nedre Fet, tett inn under Uskedal bru. Ved fyrste blick kunne ein tru det var ei utforkøyring, men bilen var uskada og plassert med stor omtanke.

Uskedaen.no kjenner rett nok ikkje til om dette var ein fiskar eller ein festivalgjest. Uansett er det ein som har funne ei kreativ løysing på eit parkeringsproblem i Uskedalen ved større tilskippingar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal